



Kulturdepartementet
Pb. 8030 Dep
0030 Oslo

Dykkar ref.
10/5024 ME/M3 HHO:elt

Vår ref.
050/813-R0 FL/201

Dato
13.01.2014

Høyringsvar om forslag til endringar i forskrift om produksjonstilskot til nyhende- og aktualitetsmedium

Me viser til høyringsbrev av 02.12.2013, der Kulturdepartementet bed om innspel til dei føreslegne endringane i pressestøtta. Norsk Målungdom organiserer språkengasjerte ungdomar frå heile landet, og me vil fylgjeleg bidra med språkpolitiske vurderingar av saka. Svaret vårt dreier seg difor om justeringa i opplagsgrensa for nummer éin- og åleinemedium.

Departementet føreslår å lægja opplagsgrensa for pressestøtte for nummer éin- og åleinemedium, frå 6 000 til 4 000. Det inneber at 30 aviser vil mista produksjonstilskotet. Til dette er det særleg tre forhold me vil peika på.

For det fyrste råkar forslaget skeivt. 10 av dei 30 avisene som mister støtta, er nynorskaviser. Ytterlegare 4 er språkblanda. Det vil seia at om lag 10 % av bokmålsavisene i Noreg vil mista produksjonstilskotet, medan 20 % av dei nynorske og språkblanda avisene vert råka. Det tykkjest ikkje rimeleg å disfavorisera mindretalsavisene slik.

For det andre står avisbransjen på terskelen av ei omlegging til ei stadig mindre papirbasert framtid. Det vil vera lite taktfullt å svekkja omstillingskrafta til ei rekkje viktige nynorskaviser idet dei går inn i ein fase som ikkje berre er viktig for framtida til dei respektive avisene, men også for nynorsken si framtid som mediaspråk.

For det tredje spelar nynorskavisene ei sentral rolle for sjøve språket. Dei bidreg til å auka nynorskeksponeringa i kvardagen, som i neste rekkje gjer nynorsk lettare å læra. Dei gjer nynorsk til eit bruksspråk utanfor skuleveggene, noko som korrelerer påfallande sterkt med at nynorskelevar vel å halda på nynorsk som hovudmål. Og dei formidlar lokale nyhende og ordskifte på nynorsk, som er (attåt opplæringsmålet i skulen og tenestemålet i kommunen) avgjerande for at eit nynorskområde skal vera nettopp det – eit nynorskområde.

Når 16 bokmålsaviser vert utsette som fylgje av endringane i pressestøtta, kan det naturlegvis vera mange problemstillingar knytte til det også. Bokmål som språk vert likevel ikkje meir utsett av det, fordi bokmålsavisene kvar for seg ikkje er så viktige for språket dei er skrivne på. Det er derimot nynorskavisene, fordi dei tener visse særskilde språklege funksjonar. Dette føreset vidare at departementet tek visse språklege omsyn når rammevilkåra for avisene er oppe til førehaving.

På bakgrunn av dette rår me departementet til å revurdere forslaget om endring i opplagsgrensa for nummer éin- og åleinemedium. Likeins bed me om at eventuelle nye eller reviderte forslag til endringar i pressestøtta vert forma ut med omsyn til dei nemnde språkpolitiske saksforholda.

Beste helsing
NORSK MÅLUNGDOM



Vebjørn Sture
leiar